

STRANDA KOMMUNE



Ruspolitisk handlingsplan 2016 - 2020

Godkjent i KOM 2.04.16 – sak 037/16

INNHALD

1. Innleiing	3
1.1 Kvifor ein rusmiddelpolitisk handlingsplan	3
1.2 Kommunen si revidering av planen	3
1.2.1 Plangruppe for revidering	3
2. Generelt om skadeverknader	4
2.1 Skadeverknader	4
2.2 Rusmiddelsituasjonen i Stranda Kommune	4
2.3 Vurdering av rusmiddelsituasjonen i Stranda.....	5
2.3.1 Vurdering frå sosial/psykiatritenesta.....	5
2.3.2 Vurdering frå lokal helseteneste.....	5
2.3.3 Vurdering frå politiet.....	6
3. Rusmiddelpolitiske mål og strategiar	6
3.1 Nasjonale mål og strategiar	6
3.2 Kommunen sine mål og strategiar	7
4. Førebygging og tiltak	7
4.1.1 Allmennførebyggjande tiltak.....	7
4.1.2 Førebyggjande tiltak for risikoutsette grupper	8
4.1.3 Tiltak for å regulere tilgjenge av alkohol	8
5. Reglement for tildeling av sals- og skjenkeløyve i Stranda kommune	12
5.1 Prinsipp for utøving av sals- og skjenkeløyvepolitikken	12
5.1.1 Salsløyve:	13
5.1.2 Skjenkeløyve:	13
5.1.3 Skjenketider:.....	15
5.1.4 Kontroll med sals- og skjenkeløyve	15
5.1.5 Gebyrinntekter:.....	16
6. Oppfølging og rehabilitering av rusmiddelmissbrukarar	16
6.1 Råd og rettleiing	16
6.1.1 Rusmiddelmissbrukaren.....	16
6.1.2 Familie og andre nære pårørande	17
6.2 Behandlingstiltak i kommunen	17
6.2.1 Helsetenester	17
6.2.2 Helse- og omsorgstenester og Nav	17
6.2.3 Gravide rusmisbrukarar	18
6.3 Behandlingstiltak utanfor kommunen.	18
7.1 Ansvarsdeling og samarbeid.....	18
7.1.2 Sals- og skjenkeløyve.....	18
7.2.1 Rullering og oppfølging av planen.....	19
7.2.2 Økonomiske konsekvensar	19
8. Vedlegg	20
Retningslinjer for tildeling av ambulerande skjenkeløyve skjenkeløyve og for tildeling av løyve for enkeltanledning	20
Oversikt over sals- og skjenkeløyve i Stranda kommune pr. 01.01.2016.....	22

1. Innleiing

1.1 Kvifor ein rusmiddelpolitisk handlingsplan

Alkohollova har som mål å begrense i størst mogleg grad dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebere. Som eit ledd i det siktar lova på å begrense forbruket av alkoholhaldige drikkevarer. Jfr. § 1-1 Lovens foremål. Alkohollova set krav til at kommunen skal ha ein alkoholpolitisk handlingsplan, jfr. lova § 1-7d.

Forsking på alkoholfeltet har dokumentert at det er nær samanheng mellom totalforbruket i befolkninga og omfanget av alkoholrelaterte skadar. Det er også påvist ein nær samanheng mellom totalkonsum i befolkninga og antal storforbrukarar. Des høgare totalkonsum, desto fleire alkoholrelaterte skadar. Lokalt forebyggande arbeid bør difor ta sikte på å redusere det totale forbruket av alkohol, men det er samtidig nødvendig å rette inn tiltak mot særleg risikoutsette grupper. (IS-1362).

Forsikring viser at virkemiddel som reduserer tilgang av alkohol har effektiv effekt både på totalforbruk og på skadeomfang. Dette er virkemiddel som har stått sentralt i den norske rusmiddelpolitikken, og som omfattar Vinmonopolet, avgifter, aldersgrense, sals- og skjenkebestemmelsar og kontroll. Slike tilgangs reduserande tiltak påvirkar også forbruket til ungdom og storforbrukarar. (IS-1362).

Alkohollova gir kommunen eit omfattande ansvar på område for kontroll av omsetning, skjenking og handheving av aldersgrense. Kommunen sin politikk er avgjerande for å begrense totalforbruket og redusere skade av alkohol. (IS-1362).

1.2 Kommunen si revidering av planen

Rådmannen har sett ned ei plangruppe på 5 medlemar som fekk i oppdrag å utarbeide framlegg til revidert plan.

1.2.1 Plangruppe for revidering

Plangruppa er samansett slik: Gudrund Lind, leiande helsesystem, Julianne L. Blindheim, folkehelsekoordinator, Steinar Årberg, fagleiar koordinerende eining.

Evelyn Omenås, saksbehandlar og Aina Holmberg, einingsleiar sosialtenesta, har delt sekretæransvaret.

Samansetting av arbeidsgruppa avspeglar hovudansvaret for ulike tiltak på rusmiddelfeltet – førebygging, handsaming/rehabilitering og behandling av sals- og skjenkeløyve.

2. Generelt om skadeverknader

2.1 Skadeverknader

Undersøkingar syner at akutte problem knytt til fyll er langt meir omfattande enn helseplager og sjukdom knytt til langvarig, høgt alkoholforbruk. Dei vanlege akutte problema er krangling, slåssing, overgrep i og utafør familien, fråver frå arbeid/skule, straffbare handlingar og trafikkulykker.

Kritikk for drikking skuldast oftast uønska åtferd under rus. Åtferdsproblem er langt meir utbredt enn helseproblem, ulykker eller sjukdom. Fordi åtferda også går ut over andre personar, er langt fleire ramma av problema knytt til fyll.

På tross av at dei som har det høgaste gjennomsnittsforkruket har størst individuell risiko, skjer dei fleste skadeverknadane blant dei som har eit moderat forbruk.

(Kjelde: ”RUS” - Hans Olav Fekjær, 2005)

2.2 Rusmiddelsituasjonen i Stranda Kommune

Det er ingen grunn til å tru at situasjonen lokalt avvik vesentleg frå det som er skildra ovanfor.

2.2.1 Alkohol – omsetnad

Offentleg registrert omsetnad av alkohol skjer gjennom butikkar, Vinmonopolet AS og bedrifter med skjenkeløyve.

Tabell: Omsetning ved salsløyve i butikkar 2012 – 2014 i liter

	2012	2013	2014
Omsetning gr.1	220 585	213 081	226 824

Tabell: Omsetning ved skjenkeløyve 2012 – 2014 i liter

	2012	2013	2014
Omsetning gr. 1	61 169	61 215	50 147
Omsetning gr. 2	16 315	16 582	16 521
Omsetning gr. 3	1821	1839	1536

Kommentar omsetning:

Dei tala vi har her indikerer ein nedgang i omsetning av øl gjennom skjenkestader, meir kjøp i matvarebutikkar og med konsum heime. Samla kjøp av øl i Stranda har auka frå 2013 til 2014.

2.3 Vurdering av rusmiddelsituasjonen i Stranda

2.3.1 Vurdering frå sosial/psykiatritenesta

Sosialtenesta og psykiatritenesta har dei siste 2 åra sett ei negativ utvikling i forhold til rusmidler. Fleire ungdommar begynner å drikke alkohol i 15-16 års alderen og av ungdom som ruser seg brukar dei fleste alkohol. Drikkemønsteret er at det blir drukke relativt store kvantum og med store konsekvensar. Bekymringa i forhold til narkotikamisbruk er stor pga. syntestisk hasj som er enkelt å bestille pr.post. Bruken er vanskeleg å teste.

Det er vidare bekymring i forhold til bruken av anabole steroider i visse ungdoms-grupper og misbruk av reseptbelagt medisin er stigande. At dei begynner tidleg å ruse seg både på alkohol og narkotika har store konsekvensar for puberteten og vidare utvikling. Hjelppeapparatet har kontakt med fleire unge rusmisbrukarar, men veit at det er langt fleire som har problem. Ein ser ofte at ungdommen dett ut av skule og arbeidsmarked.

Talet på sprøytenarkomane og dei med blandingsmisbruk har stege dei siste åra. Ein ser og ein trend i Stranda som går på at mange nyttar amfetamin. Rusmiljøet i Sykkylven og Stranda har nære band, og det er eit klart behov for eit interkommunalt samarbeid mellom hjelpeinstansane i dei to kommunane.

Dei fleste personane med eit konkret rusproblem er menn.

Barneverntenesta opplyser at *25% av deira saker er knytt til rusproblem hos mor eller far.* Talet har vore stabilt dei siste åra.

Nav vurderer at *ca. 20% av klientgruppa har eit rusproblem.* Prosenten med rusproblem har også vore stabil dei siste åra. Ein trur det skuldast at mange med omfattande problem framleis er i jobb og økonomisk sjølvhjelpne, noko som gjer at dei ikkje kontaktar hjelpeapparatet.

2.3.2 Vurdering frå lokal helseteneste

Det er sannsynleg at *tal frå sentral forskning og kan nyttast i vår kommune.*

Det er ikkje ført nøyaktig statistikk over rusrelaterte hendingar eller problem knytt til behandling i helsetenesta. Det er sannsynleg at tal frå sentral forskning også kan nyttast i Stranda, dvs. at ein uventa høg del av vanlege konsultasjonar hos lege har si orsak i misbruk av rusmidlar, idet vesentlege alkohol. Det er kjent at misbruk av rusmidlar ofte fører til ein del organsjukdommar og til psykiske vanskar, som søvnløyse og depresjonar, til problem i nære relasjonar og på arbeidsplassen. Ofte fører misbruk til langvarige sjukemeldingar, og ei omfattande og kostbar rehabilitering. Ein stor del av arbeidet på legevakt er hendingar knytt til alkoholbruk.

Skulehelsetenesta kartlegg årleg gjennom spørjeundersøking mellom anna bruk av rusmiddel i 8. klasse i ungdomsskulen og i 1.klasse vidaregåande skule.

Alkoholbruken er høgare og nokolunde jamt frå år til år. Bruken av alkohol blant mindreårige er til stor bekymring, dette talet synes å auke. Ein er også uroa over bruken av anabole steroider.

2.3.3 Vurdering frå politiet

Politiet er uroa over den *stadig fallande debutalderen* når det gjeld bruk av alkohol. Vi ser sjølve, og høyrer frå våre samarbeidsetatar at dette er eit aukande problem.

Politiet har også sett at fleire personar utviklar eit alvorleg misbruk av narkotika, og at spesielt sosialtenesta har store utfordringar med dette. Politiet avslører eit varierende tal narkotikabrukarar/seljarar kvart år. Statistikken over dei som vert tekne av politiet er ofte ikkje i samsvar med den reelle situasjonen, då vi veit at mørketala er store når det gjeld narkotikasaker. I 2015 hadde politiet følgjande statestikk på avgjorde saker:

- 6 tilfeller av ruspåvirka køyring.
- voldstilfeller m/rus involvert. Dette talet vil stige ved vidare etterforskning.
- 7 ordensforstyrrelsar m/rus involvert.
- Totalt 12 voldssaker.

3. Rusmiddelpolitiske mål og strategiar

3.1 Nasjonale mål og strategiar

Handlingsplanen for rusmiddelpolitikken til Regjeringa inneheld visjonar, hovudmål og strategiske mål for rusmiddelpolitikken.

Hovudmål

Ein vesentleg reduksjon i dei sosiale og helsemessige skadane av rusmiddelmissbruk

Viktige strategiske mål

- førebyggje alle typar rusmiddelmissbruk med særleg fokus på førebyggjande arbeid blant barn og ungdom
- betre tilgangen til effektiv rådgjeving, hjelp og behandling for personar med rusmiddelproblem og deira pårørande
- oppnå ein vesentleg reduksjon i førekomsten av rusmiddelrelaterte helseskadar og tal rusmiddelrelaterte dødsfall

Særskilde mål for alkoholpolitikken

- redusere totalforbruket av alkohol
- endre skadelege drikkemønster
- redusere ulovleg omsetnad
- heve gjennomsnittleg debutalder for alkohol
- auke oppslutninga om alkoholfrie soner, som under graviditet, i samvær med barn og ungdom, i trafikken, i arbeidslivet og organisert fritid
- redusere skadeverknadane for tredjepart, særleg barn av rusmiddelmissbrukarar

Strategiske mål for narkotikapolitikken

- redusere tilbodet av ulovlege narkotiske stoff
- motvirke misbruk, eksperimentering og rekruttering (særleg barn/unge)
- styrke behandling og rehabilitering for å komme ut av misbruk eller få vesentleg betra livskvalitet
- redusere kriminaliteten som følg med narkotikamisbruk

Dei sentrale styresmaktene konstaterer at all nasjonal og internasjonal forskning stadfester at ein politikk som er basert på virkemidlar som reduserer tilbodet av rusmidlar er mest effektivt for å redusere skadane. Det vert vidare slått fast at alkoholbruken og negative effektar knytt til den er eit større samfunnsproblem enn det som ofte kjem mest i fokus i offentleg debatt – narkotikabruken.

3.2 Kommunen sine mål og strategiar

Hovudmålet for Stranda kommune sin rusmiddelpolitikk er å redusere dei samla rusmiddelskadane og dei belastningane rusmisbruk fører med seg. Arbeidet skal ha eit særleg fokus på ungdom og rusmiddel.

- Gjennom haldningsskapande arbeid å gjere kvar einskild bevisst på kva konsekvensar bruk av rusmiddel kan ha.
- Redusere alkoholbruken i ungdomsmiljøa og heve debutalderen for alkohol gjennom førebyggjande tiltak.
- Sikre trygge og rolege utemiljø i kommunen.
- Førebyggje og hindre tilbakefall hos rusmiddelmisbrukarar gjennom styrking av ettervernsarbeidet.
- Sikre at skjenking og sal av alkohol skjer på ein måte som gjer at skadeverknadane vert avgrensa og sosiale omsyn vert ivaretekne. Det må takast omsyn til at Stranda er vertskommune for skuleungdom.

4. Førebygging og tiltak

4.1 Førebyggjande tiltak

Problem knytt til rusmiddelmisbruk oppstår i eit samspel mellom individ, rusmiddel og forhold i samfunnet. Skal samfunnet lukkast i å unngå desse problema som rusmiddelmisbruk kan skape, må førebygging skje i alle dei ulike arenaene som folk deltek i - som heim, skule, fritid og arbeidsplass. Kommunen må difor jobbe for å etablere eit haldningsskapande og førebyggjande arbeid ut mot desse arenaene.

4.1.1 Allmennførebyggjande tiltak

Auka fokus på informasjon om verknaden av føresette sin rusmiddelbruk. Viktig å få føresette til å forstå konsekvensen av det dei gjer ovanfor sine. Bevisstgjere foreldre og andre vaksne om att dei er modellar.

Ein skal vere 18 år for å kunne drikke alkohol, det er i hovudsak foreldra sitt ansvar å sjå til

att dette vert følgt. All forskning viser att dersom ein utset debutalderen, vil konsumet seinare i livet vere mykje lågare enn dersom dei debuterer tidleg.

4.1.2 Førebyggjande tiltak for risikoutsette grupper

Det er viktig å satse på ungdom og aktivitetar som stimulerar ungdommen til å vere samla i eit rusfritt og trygt miljø, som Open Strandahall. Det må jobbast aktivt med haldningsskapande arbeid for ungdommar og vaksne. Viktig med vidare og auka satsing på "Aksjonsveka mot rus" i regi av Frivilligsentralen, frivillige lag og organisasjonar, bedrifter og offentlege instansar. "Aksjonsveka mot rus" arbeider med å verte eit haldningsskapande prosjekt som går heile året, men med ei fokus veke der ein set inn ein ekstra innsats mot ungdom.

Natteramnordninga i regi av Frivilligsentralen er viktig å oppretthalde. Ein må arbeide med haldningsskaping i samarbeid med skular, lag og organisasjonar i kommunen. Dei føresette må også ta del i dette arbeidet. Forsking viser at slike tiltak har størst verknad når føresette er involverte.

Det er viktig at ein overfor denne gruppa kartlegg og identifiserar risikoindivid- og grupper. Men spreiding av informasjon og haldningsskapande arbeid er primært tiltaket. Her vil barnehagar, skular, helsestasjon, Folkehelse koordinator og barneverntenesta ha eit klart ansvar for dei under 18 år, mens helsetenesta, rus/psykiatritenesta, Rehabilitering/habilitering og Nav har ansvar for dei over 18 år. Kompetanseheving og integrering av kompetansen i det faglege arbeidet vere blant dei viktigaste tiltaka.

Ein skal opprette BTI team (Betre tverrfagleg innsats team) med faste møter, på alle skular og barnehagar i kommunen.

For personar med allereie etablert rusmiddelproblem, vil det vere viktig med førebygging for å unngå at problema blir større. Det vert viktig å bygge opp eit dagtilbod. Her vil koordinerande eining og sosial- og helsetenesta i kommunen ha hovudansvar. For denne gruppa, som har samansette behov/problem, er det viktig å få etablert ansvarsgrupper og tilby individuell plan. Det er viktig med nært samarbeid mellom dei ulike aktørane som jobbar med personen. Instansar som ofte er involvert og som vil ha eit særleg ansvar er helsetenesta, rus/psykiatritenesta, rehabilitering/habilitering, pleie- og omsorgstenesta og NAV.

4.1.3 Tiltak for å regulere tilgjenge av alkohol

Tilgjenge av alkohol skal regulerast gjennom bevillingsordninga, fastsetting av vilkår om korleis sal og skjenking skal skje, og ved kontrollar med at vilkåra vert haldne. Overtreding av alkohollova eller føreskrifter som er gjevne, kan medføre åtvaring eller inndraging av bevillinga. Sjå kap. 5.

4.1.3.1 Skjerming for visse grupper og arenaer

Barn og unge må skjermast mot alkohol på dei arenaer der dei samlast. Idrettsanlegg og arrangement rundt dette bør også vere skjerna for alkohol.

4.1.3.2 Tiltak

Tiltak	Ansvarleg	Omtale	Ekstra kostnad
Kulturskule	Kultur og fritid	Vidareutvikle dagens tilbod med fleire kunstutrykk.	Arbeide med å få inn budsjett dekning.
Individuell plan.	Koordinerande eining	Helse og omsorgsteneste lova og anna lovverk legg vekt på at dei kommunale tenestene skal verte meir koordinerte. Utforming av samhandlingsrutinar.	I budsjett
Rusmiddel-informasjon til leiarane i barne- og ungdoms-organisasjonar	Kultur og fritid/ Frivilligsentralen ”Aksjonsveka mot rus”.	Auke kunnskap om rusproblematikken	I budsjett
”Open hall”	Frivilligsentralen,	Uformelt rusfritt aktivitets tilbod for ungdom i Stranda hallen.	Gratis leige av Stranda hallen.
Småbarnstreff	Frivilligsentralen	Treffstad for småbarnsforeldre. Ulike tema kan bli teke opp.	I budsjett
Informasjon til gravide - svangerskapskurs	Lege og jordmor	Viktig at alle gravide vert informerte om bruk av alkohol og narkotika i svangerskapet	I budsjett
Auka kompetanse Opplæringsplan	Administrasjonen	Auke kunnskap og kompetanse om rusmiddelarbeid i det kommunale hjelpeapparatet: <ul style="list-style-type: none"> • Internseminar • Deltaking på opplæring av Fylkesmannen • Vidareutdanning av personal innan rus/psyk. • Innføring av anbefalte verkty i dei ulike hjelpeinstansane i kommunen. 	I budsjettet Søkje midlar.

Brukarplan	Koordinerande eining i samarbeid på tvers i kommunen og Midtnorsk kompetansesenter på rus.	Kartlegging av brukarane i kommunen for framtidig planlegging av hjelpebehov.	I budsjett.
Samarbeid med skulane og barnehagane i kommunen	BTI – prosjektgruppe i kommunen i samarbeid med Midtnorsk kompetansesenter på rus.	Etablere BTI (Betre tverrfagleg innsats team) på alle skular og barnehagar i kommunen.	I budsjettet Prosjekt støtte frå stat.
Samarbeid med lag og organisasjonar	Kultur og fritid	For eksempel: Open Strandahall Tilrettelegging av parkanlegg – rusfrie aktivitetar.	Ikkje i budsjett.
Gruppe tilbod på helsestasjonen for foreldre/born ved 9 veke, 4 mnd. og 8-10 mnd.	Helsestasjonen	Ulike tema blir teke opp – informasjon vedr. rus og påvirkning.	I budsjett.
”Aksjonsveka mot rus” - for ungdomsskule og vidaregåande skule	Samarbeid Frivilligsentralen v/dagleiar er ansvarleg i samarbeid med politi/sosial/ psykiatri/Lions/ Helselaget/ bedrifter	Årleg <i>aksjonsveke mot rus</i> <i>Informasjonsrunde</i> om rusproblematikk ved 9. klasse på ungdomstrinnet ved Stranda, Sunnylvn og Geiranger skule <i>Informasjonsrunde til Russen</i> – Tidleg haust og tidleg vår. Ein ynskjer å utvide dette prosjektet til å ha tiltak heile året.	Finansiert av innsamla midlar, tilskot frå off. og friv. organisasjonar, lokalt næringsliv og kommunen.
Skulehelseteneste, Helsestasjon for ungdom.	Helsetenesta	Halde fram med faste trefftider på skulane og helsestasjon for ungdom. Vidareføre VIP kurs på dei to vidaregåande skulane i kommunen.	I budsjett
Folkehelse koordinator	Helsetenesta	Gjennomføre Ungdata undersøking i kommunen.	I budsjett
Ungdomsråd	Kultur og fritid/skular	Behalde ungdomsrådet slik at ungdomen har sitt eige talerøyr	I budsjett

Natteramnordning	Frivilligsentralen og FAU Stranda ungdomsskule. Sunnylven.	Natteramnordning etter oppsettplan med Frivilligsentralen.	I budsjett
Ungdomsundersøking	Skulehelsetenesta/ Helsestasjon for ungdom	Målretta helse undersøking i 8 kl. og 1 vgs.	I budsjett
Kulturhuset	Stranda kommune/ kulturhuset	Stimulere til auka aktivitet for barn og unge.	Ikkje vurdert
Møte med Russ av året.	Samarbeid ml. Aksjonsveka mot rus, psykiatritenesta, helsestasjon og Politi.	Informasjon til årets Russekull.	I budsjett
Interkommunalt samarbeid/ samarbeid med Politi	Sosialtenesta	Opprette interkommunalt samarbeid med Politi og nabokommunar med fokus på rusproblematikken	I budsjett
Samarbeid internt	Admininstrasjonen	Sikre eit nært samarbeid mellom følgjande : Rehabilitering/habilitering, Sosialtenesta (barnevern, Rus/psykiatri) , helsetenesta, pleie og omsorg, skulane, barnehagane og Nav.	I budsjett
Butilbod med oppfølging for brukarar	Eining for rehabilitering/habilitering	Butilbod med oppfølging av miljøterapeutisk/miljøarbeider personell. (Stabiliserings tiltak / ettervern)	I budsjett
Terapiteneste	Sosialtenesta – Rehabilitering/habilitering og Nav.	Terapi, motivering for behandling og ettervern.	I budsjett
Dagtilbod - fritidstilbod. Gruppetilbod.	Rehabilitering/habilitering i samarbeid med andre instansar i kommunen.	Gi eit tilpassa dagtilbod/ fritids tilbod til den enkelte brukar og grupper.	I budsjett – søkje prosjekt midlar.

5. Reglement for tildeling av sals- og skjenkeløyve i Stranda kommune

Mål for løyvepolitikken:

Kommunen skal regulere omsetning av alkohol, slik at ein i størst mogleg grad avgrensar samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan medføre, herunder å avgrense forbruk av alkoholhaldige drikkevarer i lokalsamfunnet.

Saksbehandlingsreglar:

Kommunen er ansvarleg for den utøvande løyvepolitikken, og for kontroll av sals- og skjenkestader etter den alkohollovgjevinga som til ei kvar tid gjeld.

Før alminnelege skjenkeløyve vert gitt til ein serveringsstad, skal det foreligge løyve etter Lov om serveringsverksemd.

Delegering:

Kommunestyret er løyvemynde når det gjeld behandling av alminnelege sals- og skjenkeløyve. Med det følgjer:

- Godkjenning av løyve
- Tidsavgrensing i sal og skjenking for alminneleg kommunale løyve
- Endring av driftskonsept
- Permanent utviding av sals- og skjenkeareal
- Inndraging av løyve

Mynde delegert til rådmannen, jf. delegasjonsreglementet

- Ambulerande løyve
- Løyve for enkelthøve
- Utviding av eksisterande løyve for enkelthøve

Godkjenne endring av styrar og reservestyrar for invilga løyve

Type løyve:

Gruppe 1: Alkoholhaldig drikk over 2,5% og høgast 4,7% vol.

Gruppe 2: Alkoholhaldig drikk over 4,7% og under 22% vol.

Gruppe 3: Alkoholhaldig drikk mellom 22% og 60%

5.1 Prinsipp for utøving av sals- og skjenkeløyvepolitikken

Ved vurdering av om løyve bør innvilgast kan kommunen blant anna leggje vekt på følgjande (alkoholova § 1-7a):

- antal sals- og skjenkestadar
- skjenkestaden sitt driftskonsept
- lokalisering
- målgruppe
- trafikk- og ordenmessige tilhøve

- næringspolitiske hensyn
- hensynet til lokalmiljøet for øvrig

5.1.1 Salsløyve:

1 Vinmonopolet
Departementet fastset opningstida for Vinmonopolet
2 Ølutsal i daglegvarebutikkar
Salstider for øl i butikkane: <ul style="list-style-type: none"> • 09.00 – 20.00 på kvardagar og dagen før Kristi Himmelfartsdag • 09:00 – 18.00 på dagar før sun- og helgedagar • <i>på påske-, pinse-, jule- og nyttårsaftan vert salstida lik opningstida for den enkelte butikk, men maksimalt kl. 09:00 – 17:00</i> • det er ikkje lov med sal på søn-, helge- og høgtidsdagar
Salstidene for øl er fastsett ved forskrift.

5.1.2 Skjenkeløyve:

Tal løyve	Det er ikkje sett tak på tal skjenkeløyve Det er ikkje sett tak på tal ambulerande løyve
------------------	---

Type løyve	Type verksemd/vurderingskriterium/driftskonsept
<i>Generelt løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk i gr. 1, 2 og 3</i>	<ul style="list-style-type: none"> • Hotell Til hotelldrift vil det vere knytt restauranter, diskotek, bar, nattblubb osv. Alle desse lokala er ein naturleg del av vanleg hotelldrift og er omfatta av eit løyve. • Gardsturisme i kombinasjon med servering av tradisjonsmat og/eller overnatting • Restauranter
<i>Generelt løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk i gr. 1 og 2 (t.o.m. 21 volumprosent)</i>	<ul style="list-style-type: none"> • Kafeteria • Storfjord Kulturhus m/begrensa skjenketid • Opplevingssenter m/restaurantdel • Båtar i chartertrafikk/turistrelatert • I kultur og fritidsarenaer kan det i særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål.

<p>Enkelthøve: Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gr. 1 og 2 (øl og vin) Opne arrangement Jf. Alkohollova §§ 4-2 og 4-4</p>	<p>Gjeld for</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Frittstående enkeltarrangement <ul style="list-style-type: none"> • I forsamlingslokale • Ved uteservering i samband med spesielle arrangement (ikkje idrettsarrangement) 2. Utviding av skjenkeareal og skjenketid for eksisterande løyve
--	--

<p>Ambulerande løyve. Løyve til skjenking i Gr. 1, 2 og 3 ved lukka lag Jf. Alkohollova § 4 - 5</p>	<p>Følgjande lokale er aktuelle:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Selskapslokale • Verksemdar som har generelt løyve avgrensa til vin og øl kan søkje ambulerande løyve for brennevin ved slutta lag <p>Tildeling av ambulerande løyve/enkeltløyve vert ikkje gitt til areal som er unnatekne for skjenking i lov, forskrifter eller kommunale retningslinjer.</p>
<p>Skjenking av alkohol utan løyve Alkohollova § 8-9.</p>	<p>Det er adgang til å skjenke og drikke alkohol utan løyve i lokale som er leid eller lånt ut til privatpersonar for eit enkelt, bestemt høve, bryllaup, jubileum osv.</p> <p>Eit slikt fritak gjeld ikkje organisasjonar som leiger/låner eit lokale.</p>

<p>Særlege tilfelle</p>	<p>I særlege tilfelle og etter ei nærare vurdering kan kommunestyret sjølv gjere unntak frå typar av driftskonsept omhandla i pkt. 5.1.2 med omsyn til om det skal gjevast alminneleg skjenkeløyve.</p> <p>Det vert ikkje gjeve sals- eller skjenkeløyve til gatekjøkken, kioskar, bensinstasjonar og serveringsstadar i tilknytning til slike.</p>
-------------------------	---

5.1.3 Skjenketider:

Konsum av skjenka alkoholholdig drikk må opphøyre seinast 30 minutt etter skjenketida er slutt - jf. Alkohollova §4-4. Gjeld ikkje utandørs skjenking.
Gruppe 1 og 2 (øl og vin): Kl. 10.00 - kl. 02.00 for innandørs skjenking Kl. 10.00 - kl. 01.00 for utandørs skjenking
Gruppe 3 (brennevin): Kl. 13.00 – kl. 02.00 for innandørs skjenking Kl. 13.00 – kl. 01.00 for utandørs skjenking
Ved sommartid føl ein den til ei kvar tid gjeldande klokke. Dette vil sei: 1. Ved innføring av sommartid siste søndag i mars vert skjenking slutt kl. 02:00 (kl. 02:00 vert klokka stilt til 03:00). 2. Ved slutt på sommartid siste søndag i oktober kan skjenkast til kl. 02:00 etter vanleg ”sommartid” (kl. 03:00 vert klokka stilt til 02:00)
Skjenketidene er fastsett ved forskrift.

5.1.4 Kontroll med sals- og skjenkeløyve

Stranda kommune har med heimel i alkohollova §1-9 ansvar for kontroll med utøving av kommunale sals- og skjenkeløyve.

Alkoholforskrifta § 10.3 – Inndraging av sals- og skjenkeløyve:

Ved lovbrøt etter § 10.3 skal Stranda kommune tildele løyvehavar eit bestemt antal prikkar. Etter gjeldande regelverk har kommunestyret mynde til å fatte vedtak om tildeling av prikkar. Dersom løyvehavar i løpet av ei perioden på to år er tildelt til saman 12 prikkar, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på ei veke. Helse- oppvekst og kulturutvalet (HOK) fattar enkeltvedtak om tildeling av inntil 12 prikkar.

Sanksjonar ved brot på alkohollova:

Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk (alkoholforskrifta) av 8. juni 2005 nr 538 § 10-1 til 10-6 regulerer uttømande reaksjonar ved brot på alkohollova med forskrifter. Reglane trådte i kraft 1. januar 2016 og er delt inn i 4 grupper.

Tildeling av åtte prikkar:

- sal, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år
- brot på bistandsplikta
- brot på kravet om forsvarleg drift
- hindring av kommunal kontroll.

Tildeling av fire prikkar

- sal og utlevering til person som er openbart påverka av rusmidlar
- skjenking til person som er eller må antas å bli openbart påverka av rusmidlar
- brot på sals-, utleverings- og skjenketidsbestemmelsane
- skjenking av alkoholholdig drikk i gruppe 3 til person på 18 eller 19 år
- brot på alderskravet til den som sel, utleverer eller skjenker alkoholholdig drikk

Tildeling av to prikkar:

- det vert gitt adgang til lokalet til person som er openbart påverka av rusmidlar
- løyvehavar sørger ikkje for at person som er openbart påverka av rusmidlar forlet lokalet
- manglar ved løyvehavar sin internkontroll
- manglande levering av omsetningsoppgåve innan kommunen sin frist
- manglande betaling av løyvegebyr innan kommunen sin frist
- brot på krav om styrar og reservestyrrar
- gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestaden
- gjentatt diskriminering

Tildeling av ein prikk:

- brot på kravet om alkoholfrie alternativ
- brot på reglar om skjenkemengde
- konsum av medbrakt alkoholhaldig drikk
- gjester tek med alkohol ut av lokalet
- brot på krav om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstad
- brot på vilkår i løyvevedtaket
- brot på reklameforbodet
- andre lovbrøt som er omfatta av alkohollova

5.1.5 Gebyrinntekter:

Gebyra som vert kravd inn skal nyttast til kommunen si utøving av kontroll med sals- og skjenkestadane og til førebyggjande tiltak.

Manglande innlevering av omsetningsoppgåve og manglande innbetaling av løyvegebyr innan kommunen sin frist utgjer sanksjonar og tildeling av 2 prikkar.

6. Oppfølging og rehabilitering av rusmiddelmissbrukarar

6.1 Råd og rettleiing

Kommunen har i følge Lov om helse- og omsorgstenester ei plikt til å gi opplysning, råd og rettleiing som kan bidra til å løyse eller førebyggje sosiale problem. Myndigheitskravet omfattar eit spekter av tiltak og aktivitetar - alt frå tilvising til andre instansar til meir inngåande rettleiing og familiebehandling (Helsetilsynet, 2005). Tiltaket skal hjelpe rusmisbrukaren til å meistre eigen livssituasjon, og er samtidig eit virkemiddel for å hjelpe personar til å redusere eller å slutte med rusmisbruket. Rettleiinga er ikkje meint berre for å løyse problem hos misbrukaren og hos familien, men også for å førebyggje at problem skal oppstå.

6.1.1 Rusmiddelmissbrukaren

I arbeid med rusmiddelmissbrukarar er det vanleg å måtte arbeide med fleire problem- område. Difor kan arbeidet med rusmisbrukarar både vere utfordrande og omfattande. Ein kan som hjelpar forvente seg at dei fleste rusmiddelmissbrukarar *kan ha* problem på følgjande område:

medisinsk, sosialt, åtferdsmessig, psykologisk og/eller økonomisk. Med bakgrunn i dette ser ein lett kompleksiteten i behandlinga knytt til denne gruppa.

6.1.2 Familie og andre nære pårørande

Familie og andre nære pårørande blir ofte gløymt i arbeidet med rusmiddelmissbrukaren. Misbrukaren krev ofte mykje energi og tid, og skaper mange utfordringar og problem for sine nærmaste. Det er viktig at hjelpeapparatet ”ser” desse personane, og tilbyr hjelp og støtte slik at dei ikkje føler seg åleine med problemet.

Slik støtte, råd og rettleiing - eller anna type hjelp - gjer at dei lettare kan meistre det å ha ein rusmiddelmissbrukar i familien, og ta vare på eiga helse. For barn av rusmiddelmissbrukarar kan tiltak frå barnevernet vere ei god hjelp.

6.2 Behandlingstiltak i kommunen

Kommunane må individuelt tilpasse behandling til dei som treng og ynskjer det. Det er ikkje satt krav til minste norm på kva tenester kommunane skal tilby. Difor er det opp til kvar enkelt kommune kva tilbod ein ynskjer å gi for å hjelpe den enkelte rusmisbrukar. Kravet er at kommunane skal tilby eit kvalitativt høgverdig tilbod - som kan vere eit alternativ til behandling i institusjon. Det vil seie at ein treng eit nært samarbeid mellom dei instansane som har ei plikt over for denne gruppa, lege, sosialtenesta/psykiatri, Nav, Eining for Rehabilitering/habilitering og pleie- og omsorg.

Personar som ynskjer hjelp og behandling for sitt misbruk må få dette innan rimeleg tid. Personar som treng behandling men ikkje ynskjer dette, må motiverast til å ta i mot hjelp.

Tilbod om eigen/tilrettelagt bustad med oppfølging må byggast ut.

6.2.1 Helsetenester

Helsetenesta må ha merksemd mot bruk av rus for å kunne identifisere, kartlegge, vurdere, gi råd, handsame, gi omsorg og følge opp personar og familiar som har eit rusproblem.

Dette krev lokalt samarbeid mellom dei ulike instansane som er nemnt under 6.2. Arbeidsgjevar og NAV er sentrale samarbeidspartnarar.

6.2.2 Helse- og omsorgstenester og Nav

Sosialtenesta, Eining for habilitering/rehabilitering, pleie og omsorg og NAV har hovudansvaret for å sjå til at rusmiddelmissbrukarar og deira familiar får den hjelp dei treng. Dette er heimla i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester og Sosialtenester i NAV. Dette kan blant anna vere støttekontakt, støtteopplegg på arbeidsplassen, kontakt med primærhelsetenesta, spesialisthelsetenesta og økonomisk rådgjeving og hjelp. Kommunen har ansvaret for å sikre tilpassa tenester, både utanfor institusjon, under og etter behandlingsopplegg. Vidare skal kommunen tilby individuell plan og ansvarsgruppe. Andre viktige ansvarsområde er økonomisk sosialhjelp samt statlege ytingar (Nav).

Dersom nokon utsett si fysiske og psykiske helse for fare ved omfattande og vedvarande misbruk, kan sosialtenesta fatte vedtak om bruk av tvang slik at misbrukaren vert innlagt i institusjon og halden tilbake etter visse reglar. Slike vedtak må godkjennast av Fylkesnemnda for sosiale saker. Sosialtenesta har plikt til å undersøkje behov for utøving av tvang om pårørande eller andre melder si bekymring.

6.2.3 Gravide rusmisbrukarar

Misbruk av rusmidlar under graviditet kan skade barnet. Det er forskingsmessig usemje om kor store mengder alkohol som er skadeleg, enkelte meiner all bruk. Det er difor svært viktig å kutte alkoholbruk når graviditet er kjent eller planlagt. Sosialtenesta har plikt til å vurdere bruk av tvang når det er overvegande fare for at barnet vert født med skade.

6.3 Behandlingstiltak utanfor kommunen.

1. januar 2004 trådde Rusreforma i kraft. Dette har ført til at rusmiddelmissbrukaren har rettar etter pasientrettighetslova når dei nyttar tenestene til helseføretaka. For å lukkast i eit behandlingssopplegg rundt ein rusmisbrukar er det viktig med ei heilskapleg tiltakskjede, der dei kommunale tenestene spelar ei avgjerande rolle. Dette kan vere med på å førebyggje problemutvikling, redusere behandlingsbehov og auke muligheitene for å lukkast med tiltak i spesialisthelsetenesta. Sosialtenesta og legane er tilvisande instans til Helseføretaka. Dette kan gjelde ruspoliklinikk eller institusjonsopphald av kortare eller lengre tid.

7. Gjennomføring, ansvar, samarbeid og oppfølging

7.1 Ansvarsdeling og samarbeid

7.1.1 Ansvar for tiltak i samband med rusmiddelførebygging og handsaming/rehabilitering

I kommunen er ansvaret forankra i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester. For tiltak på helseføretaksnivå er ansvaret definert i ”Lov om spesialisthelse-tjenesten”. Dette handlar m.a. om handsaming poliklinisk og i ulike typar institusjonar. Institusjonar for handsaming under tvang ligg og lovmessig forankra her.

Med instansar både lokalt og på helseføretaksnivå - styrt av ulike lover og nivå – er det heilt nødvendig med eit godt samarbeid og samordning av tiltak. I samband med handsaming i institusjon, har kommunen ansvar både for ulike tiltak før, oppfølging under opphald og etter eit opphald.

7.1.2 Sals- og skjenkeløyve

Alkoholova inneheld regelverket for sals- og skjenkeløyve. Ansvar for oppfølginga er lagt til sakshandsamar for sal- og skjenkeløyve og innleigd kontrollinstans.

7.2 Framdrift, rutinar/system for oppfølging av planen

7.2.1 Rullering og oppfølging av planen

Oppfølgingsansvaret for tiltak innanfor kommuneorganisasjonen ligg på dei einingar og instansar som har ansvar for oppfølging i følgje lovene på feltet og i samsvar med denne planen. Handlingsplanen gjeld for inneverande kommunestyreperiode.

7.2.2 Økonomiske konsekvensar

Kostnader knytt til ein del tiltak innan førebygging m.m. er opplista i tabell under *4.1.3.2 Tiltak*. Det vert vist til denne.

Kostnader knytt til handsaming/rehabilitering ligg vesentleg under Sosialtenesta, Rehabilitering/habilitering, Helsetenesta og deira budsjett - og til helseføretaka.

Kostnader knytt til personar som har behov for bustad og tenester i bustad vil vesentleg vere knytt til kommunale einingar med ansvar etter Lov om helse- og omsorgstenester. (Helsetenesta, Eining for rehabilitering og habilitering, pleie og omsorg og sosialtenesta).

Inntekter gjeld sals- og skjenkeavgifter frå løyvehavarane. Satsane for avgiftene er fastsett sentralt.

Kostnader knytt til sals- og skjenkeløyve gjeld sakshandsaminga og kontroll med utøving av løyva.

Vedlegg til planen:

1. Retningsliner for tildeling av ambulerande skjenkeløyve og for tildeling av løyve for enkeltanledning.
2. Oversyn antal sals- og skjenkeløyve gjeldande pr. dags dato.

8. Vedlegg

Retningslinjer for tildeling av ambulerande skjenkeløyve skjenkeløyve og for tildeling av løyve for enkeltanledning

Det er ikkje krav om løyve ved reint private arrangement i leigde lokale. Private selskap kan mellom anna gjelde bryllaup, årsmålsdagar, slektstreff og andre jubileum for privatpersonar. Det er ein føresetnad at skjenkinga i slike høve skjer vederlagsfritt.

Tildeling av skjenkeløyve som gjeld:

Ambulerande skjenkeløyve for slutta lag:

Ambulerande skjenkeløyve er ikkje knytt til ein bestemt person eller skjenkestad og gjeld i slutta selskap.

Løyvet gjeld for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 (øl, vin og brennevin).

Gr. 1: Alkoholhaldig drikk over 2,5% og høgst 4,7% vol.

Gr. 2: Alkoholhaldig drikk over 4,7% og under 22% vol.

Gr. 3: Alkoholhaldig drikk mellom 22% og 60% vol.

Ambulerande løyve vert gitt til slutta selskap. Slutta selskap betyr at det allereie før skjenkinga tek til, er danna ein slutta krets av inviterte personar i eit bestemt lokale. Arrangementet må ikkje vere ope for utanforståande. Det er ikkje nok at ein før skjenkinga tek til, skriv seg på ei liste eller kjøper billett.

Skjenkeløyve for ei enkelt bestemt anledning:

Løyvet gjeld for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 (øl og vin)

Gr. 1: Alkoholhaldig drikk over 2,5% og høgst 4,7% vol.

Gr. 2: Alkoholhaldig drikk over 4,7% og under 22% vol.

Løyve i gruppe 3 vert ikkje gitt til opne arrangement

Løyve for ei enkelt bestemt anledning gjeld for:

Skjenkeløyve for opne arrangement (mot betaling) til festivalar og dansetilstellingar

Arrangement som går over ein periode frå tre til seks dagar, kan reknast som ei enkelt anledning.

Vilkår for løyva:

All skjenking av alkoholhaldig drikk mot ein eller annan form for vederlag/betaling, krev løyve. Ansvarleg skjenkestyrar må vere fylt 20 år. Det er ikkje krav om kunnskapsprøve.

Løyvehavar er ansvarleg for at skjenkinga går føre seg etter gjeldande lover og reglar og skal ha kontroll med all bruk av alkohol i det arrangementet løyvet gjeld for.

Skjenketid:

Skjenketida følgjer kommunale forskrift for skjenketid

Kontroll av løyvet:

Kommunen kan foreta kontroll av løyva med besøk av kontrollørar. Kontrollørane skal vise legitimasjon og dei kan opphalde seg i skjenkelokalet så lenge dei meiner det er nødvendig.

Ved kontroll av ambulerande løyve skal påmeldingsliste leggjast fram.

Saksbehandling:

Rådmannen ha delegert avgjerdsmynde ved søknadar om ambulerande skjenkeløyve og for løyve til enkeltanledning.

Det er klagerett på vedtaka. Klageretten er 3 veker etter mottatt melding om vedtak. Kлага skal sendast til kommunen.

Søknadsfristar:

Ambulerande skjenkeløyve for slutta lag 2 veker før arrangementet

Skjenkeløyve for enkeltanledning 3 veker før arrangementet

For større arrangement vert det henta inn uttale frå politiet og sosialtenesta

Gebyr:

I medhald av gjeldande forskrift til alkohollova vert det kravd gebyr. Forskriftene regulerar til ei kvar tid storleiken på gebyret.

Kommunen sender ut faktura på gebyret.

Ambulerande skjenkeløyve for slutta lag kr. 250,-

Skjenkeløyve for enkeltanledning kr. 2.500,-

Oversikt over sals- og skjenkeløyve i Stranda kommune pr. 01.01.2016

Skjenkeløyve i gruppe 1, 2 og 3	
Hotell	7
Restauranter	4

Skjenkeløyve i gruppe 1 og 2 og til slutta lag i gruppe 3	
Paviljongane/Stova/kulturhuset	3

Skjenkeløyve i gruppe 1 og 2	
Restauranter og pubar	9

Salsløyve i gruppe 1	
Butikkar	6
Bryggeri	1

Vinmonopol	1
-------------------	---